

## Lokalavisene i eit språkdelt samfunn

Opningsforedrag på årsmøte i Landslaget for lokalaviser  
Svolvær 27. april 2013

Ein gong i 1893 banka ein ti år gamal gut på døra til Ivar Aasen i 2. etasje, Holbergs gate 23 i Kristiania. Han abonnerte på Dagbladet, og no kom avisguten med rekninga. *Han gav meg ei heil krone ekstra*, fortalde avisguten mange tiår seinare.<sup>1</sup>

Eg ser du er ny her, skal Aasen ha sagt. Kva heiter du?

Trygve Hansen, svara han og såg med undring på den blanke krona.

No må du love meg å bera avisa heilt opp til døra mi. Den andre avisguten slengde berre avisa halvvegs opp i trappa, slik at folk som kom her trakka på henne med skitne skor. *Og det likar eg ikkje*, sa Aasen.

Trygve Gulbrandson-Hansen var 73 år då han fortalde dette der han då budde, i Wisconsin, USA. *Det var alltid mørkt i trappa opp til romet der Aasen budde. Eg gjekk med ei lita parafinlykt som var fest til knappholet i jakka mi.*

Som alle journalistar veit, har minne det med å endre seg og bli upålitelege. Det vil ikkje seie at alle minne er upålitelege eller at alt ved dei er misvisande. Den aldrande avisguten hugsa pregnante og presise detaljar – krona, parafinlykta i knappholet, den gamle mannen som ville ha avisa heil og rein til dørs opp i 2. etasje, der Aasen då budde.<sup>2</sup>

Dit opp kom også Ivar Aasens eksemplar av Dagbladet med hans eigen nekrolog. Ettermiddagsavisa var på gata om lag tre timar etter at han døydde.

Han var ein pasjonert avislesar. Frå 1842 var han på samanhengande reise i over fire år. Lokalavisa frå Ekset fekk han ettersendt i bunkar der han var. Frå 1847 budde han i Kristiania. Kvar dag gjekk han ut på kafé, las siste nytt og gjorde sine observasjonar om folks lesevanar. Folk på landsbygda, meinte han, las Kristiania-avisene med *en langt anden Opmerksomhed* end folk i byen. Der gjekk ein berre no og då innom ein *Restauration* og gløtta på dei viktigaste oppslaga eller overskriftene, konstaterte han etter få månader i byen.<sup>3</sup> Då han døydde, etterlet han seg heile eller delar av 129 avisårgangar.

200-årsjubileet for Ivar Aasen er blitt til Språkåret 2013. Dette skal vere ei raus og inkluderande feiring av alt språk i landet, på nynorsk grunn, ei feiring av denne avislesaren og diktaren, språkfinnaren og tradisjonssamlaren. Han blir med vidare når eg skal få fram den språklege kvaliteten i dagens lokalaviser, kor viktige lokalavisene er for utviklinga av dei to norske språka bokmål og nynorsk, og korleis den norske språksituasjonen bør forståast med eit moderne, internasjonalt perspektiv. Undervegs dukkar det opp ei nyheitssak, og mot slutten avslører Ivar Aasen kva aviser han syntest var dei beste på 1800-talet.<sup>4</sup>

---

<sup>1</sup> “Med aviser til Ivar Aasen”, *Norsk Tidend* 15.12.1956. Mora var frå Romerike, og ho brukte dialekten sin. Faren ville ho skulle lære seg oslomålet, men då sa ho berre: “Eg kan aldri i evigheit læra detta livlause Oslo-språket”.

<sup>2</sup> Jf. Ivar Aasen i dagboka 19.9.1887.

<sup>3</sup> Ivar Aasen i brev til Maurits Aarflot 13. januar 1848.

<sup>4</sup> Stoffet om Ivar Aasen er henta frå Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, under utgiving 2013.

## Den språklege kvaliteten

Onsdag 1. mars 1871 betalte Ivar Aasen 30 skilling for abonnement på bladet *Andvake*. Berre to månader etterpå sa han opp bladet. Han hadde, skreiv han, ikkje lyst til å ha eit blad som var så vanskeleg å lese og som var så dårleg skrivi som dette.<sup>5</sup>

Dette kan vere første gongen nokon sa opp eit blad i Noreg av språklege grunnar. Med oppseiinga i 1871 hadde Ivar Aasen sett ein standard som enno i 2013 står seg godt.

Når den språklege kvaliteten i dagens aviser skal vurderast, er det viktig å minne seg sjølv om at det er ikkje lett å skrivi for nokon. Det tek i prinsippet ikkje lengre tid å skrivi rett enn å skrivi feil. Derimot tek det lengre tid å skrivi godt enn å skrivi dårleg.

Ein artikkel kan opne med kva setning som helst. Etter kvart punktum blir det færre og færre sjansar til å velje korleis ein skal halde fram, iallfall viss ein prøver å skrivi ein tekst som heng saman frå A til Å. Dette gjeld i prinsippet også for avistekstar som er skrivne slik at det skal vere mogleg å kutte i dei og klippe vekk bakfrå.

Lokalavisene har ikkje meir tid til rådvelde enn andre aviser, heller tvert om. Det vil i så fall seie at desse avisene er meir utsette for dårleg språk enn riksavisene. Dette er diverre eit av mange emne som ingen medieforskar eller språkforskar har interessert seg for til dags dato.

Få avisredaksjonar raffinerer ordspel til gode titlar enn *Dagens Næringsliv* og då særleg magasinet *D2*. Der er det så gjennomført at dette er openbert noko redaksjonen arbeider mykje med. Den som ser etter, kan finne god og ledig språkføring også i lokalaviser. Ein vakker undertekst følgjer med på flyttelasset når *Svalbardposten* skriv om ei som flyttar sørover til eit byggjefelt i Snåsa der det er lite gatelys. «Reiser ned til mørket», blei overskrifta i avisa som kjem ut i mørke halve året.<sup>6</sup> Ein slik lek med språket er til dels eit spørsmål om tid og om kor godt utvikla språksansen er hos medarbeidarane, men det handlar også om stemning i redaksjonsmiljøet og rom for å prøve seg fram i det språket ingen blir utlært i så lenge dei lever. Ivar Aasen sat på sine eldre dagar og las preiketeksten søndagane på gamalgresk for å halde kunnskapen i språket ved like.

Fleire lokalaviser held seg med faste spalter om språk, som *Møre-Nytt* i Ørsta og *Sunnhordland* på Stord. I Språkåret 2013 var det nettopp *Fredriksstad Blad* som onsdag 6. mars 2013 gav ut eit heilt nummer på dialekt, *Fredrikstad-dialekt*, ein av dei mest utskjelte dialektane i landet. *Ille moro!* 15 000 eksemplar forsvann i morgontimane, og etterpå har avisa trykt opp nummeret på fint papir med utsalspris på 99 kroner.

Fleire aviser bruker dialektar eller ståande uttrykk som vignettar til faste spalter. I *Dalane Tidende* har redaktøren si faste spalte «Okka by» på side 2, og i *Vigga* står leiarkommentarane under vignetten «Oss har nogo mæ det». Kvar einaste lokalavis har sine sider for familiestoff og personalia, men berre *Våganavisa* kallar dei sidene «Du & æ». Rubrikkannonsane for kjøp og sal, leige og utleige, slår *Sunnhordland* opp «På tavlo». Eigeidomshandel er godt lesestoff for den lokale ryktebørsen, og den sida kallar *Søgne* og *Songdalen Budstikke* snedig nok «Fra den ene til den andre».

Dette er redaksjonelle vriar som alle kan gjere på sin måte, berre ein ryddar plass til litt mentalt overskot ein dag. Der er eit stort språkleg handlingsrom, og det er mykje større i dag enn då pressa tok form på 1700-talet. Det rommet er det einkvan som har teikna, målt opp og bygt.

## Skriftfesting av språk gjennom pressa

I 1871 var nynorsk eit skriftspråk under etablering. Den første nynorskavisa *Dølen* var gått inn året før då *Aasmund Olavsson Vinje* døydde. Ivar Aasen hadde lagt bak seg over 25 000

---

<sup>5</sup> Ivar Aasen i udatert brev til *Andvake*, sendt 29.4.1871, i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 105 f. og innførslar i dagboka 1.3.1871 og 29.4.1871.

<sup>6</sup> *Svalbardposten* 21.9.2012.

km i arbeidet med å dokumentere norske talemål. Han var ferdig med Norsk Grammatik, den store grammatikken sin, og var i slutfasen med dei 3453 manuskriptsidene til Norsk Ordbog som kom ut i 1873.

Ivar Aasen laga ikkje eit språk. Han skapte ikkje eit språk. Han fann ikkje opp eit språk. Ivar Aasen fann eit språk. Då han i 1842 la ut på dei mange reisene sine gjennom språket som mellom anna førte han til Svolve søndag 29. juni 1851 – han var her i to veker, var den rådande oppfatninga at nordmenn snakka forvrengd dansk. Dei snakka ikkje dansk, men dansk var skriftspråket i Noreg, og når dei ikkje snakka dansk måtte det vere forvrengd dansk. Berre nokre få hadde ein velgrunna mistanke om at der var ei historisk linje frå norrøn tid fram til 1800-talet.

Ivar Aasen fann eit mønster i dei talemåla som var i bruk i landet kring midten av 1800-talet. Han viste samhengane mellom desse talemåla, påviste ei mange hundre år lang linje frå norrønt språk til samtida og gjorde det tindrande klart at norsk var eit sjølvstendig språk på linje med dansk og svensk.

Det var i ei avis det nye skriftspråket første gongen kom til syne, i Morgenbladet fredag 5. januar 1849, i eit stykke av Ivar Aasen. Seinare blei det mange blad og aviser. I allfall frå 1820-åra var der jamlege offentlege ordskifte om korleis nordmenn burde tale. Særleg gjaldt det å finne ut kva skodespelarane skulle seie på teaterscenene. Det var i blada det blei diskutert. Dei få avisene som kom ut i landet på denne tida, var ein nødvendig føresetnad for dei første kritiske refleksjonane over språket i landet.

Avisene var uunnverlege for utviklinga av det som i dag er ein robust nynorsk skriftkultur. Det var dei også i utviklinga av det som frå 1907 tok form som norsk bokmål. Dei mange avisene var opne skrivestader, språklege treningshallar, der mange kunne gjere skriftspråket til sitt. På bokmål kunne dei føre vidare dei etablerte skrivemåtane og tekstmønsterane frå det danske skriftspråket i avisene på 1800-talet. For nynorskbrukarane var det annleis. Dei måtte sjølve utvikle sine måtar å skrive på, godt hjalp av Ivar Aasen, som laga føredøme i ei rekkje sjantrar, berre ikkje nyheitsreportasjen.

I 1885 vedtok som kjent Stortinget å jamstille det nye språket med det rådande *Bogsprog*, eller *bågspråk*, som ungane i Ryfylke lærte å seie på 1800-talet.<sup>7</sup> Jamstillingsvedtaket gjorde Noreg til nummer to eller tre i rekkja av fleirspråklege statar i Europa. Belgia hadde på sett og vis vore det sidan 1831, Danmark var det som snarast mellom 1852 og 1864.<sup>8</sup>

På nokre punkt har norsk presse ligg tungt for det. Nøyaktig 150 år etter at Morgenbladet hadde trykt det første lesarbrevet på nynorsk, av Ivar Aasen, slutta Fredriksstad Blad som den siste av norske aviser i 1999 å omsetje lesarbrev frå nynorsk til bokmål før dei kom på trykk. Andre og større aviser strevar framleis med å ta innover seg kva det har å seie at eit språk er eit offisielt nasjonalspråk.

### **Lokalavisene er dei mest tospråklege avisene**

Den første tospråklege nordmannen heitte Ivar Aasen. Han kryssa aldri noka landegrense, men hadde bøker på 20 språk, godt over 100 ordbøker og las sjølv minst åtte språk. Etter han har nynorskbrukarane 150 års røynsle med å vere tospråklege. Den røynsla har vore dyrekjøpt, men ingen andre kan gjere den same røynsla.

Det er nynorskbrukarane som er dei reelt tospråklege i Noreg.

Meir enn dei fleste stader er det i avisspaltene at det tospråklege samfunnet Noreg har materialisert seg. For å utvikle ein nynorsk skriftkultur, var det lenge nødvendig å etablere aviser som var redigerte på nynorsk. Desse er like nødvendige i dag. Noreg er blitt eit

---

<sup>7</sup> Johannes Arneson: *År eg minnest – menn eg møtte*, Oslo 1961, s. 82.

<sup>8</sup> Ottar Grepstad: *Språksansen. All verdas språk dag for dag*, under utgiving 2013.

moderne tospråkleg samfunn i verda mellom anna fordi ein viktig del av norsk presse har behandla språka som jamstilte. Denne viktige delen blir gjerne kalla lokalaviser.

Norske lokalaviser er langt på veg meir språkleg tolerante enn norske riksaviser. Dei største riksavisene har over tid brukt tre argument for å bli verande eittspråklege. Dei meiner at dei mistar lesarar viss dei bruker både bokmål og nynorsk redaksjonelt, men den meininga har dei aldri dokumentert eller sannsynleggjort. Dei meiner at det blir journalistisk vanskeleg å deske saker som er skrivne på to språk, sjølv om lokal- og regionaviser landet rundt greier det dagleg. Og dei hevdar at nynorsk ikkje er eit godt nok nyheitsspråk, trass i at det er blitt brukt som nyheitsspråk i norsk presse sidan 1858, i NRK sidan 1933 og i TV2 sidan 1993.

Lokalavisene greier altså noko riksavisene meiner dei ikkje er i stand til. Dei avisene i dette landet som har mest kapital i ryggen, som over lang tid har vore dei mest robuste, er samstundes dei avisene som meiner dei ikkje har råd til å vere språkleg demokratiske. Sjølv når Aftenposten skal spare eit tresifra tal millionar, finn redaktøren det nødvendig å bruke tid og pengar på å omsetje reportasjar frå andre aviser i Media Norge frå nynorsk til bokmål. Her er det nokon som held seg med eit prinsipp som berre kan brukast til ein ting – unngå å bli råka av røynda. Trøysta får vere visdomsordet frå gamleredaktøren Harald Kjølås i Sunnmørsposten: Eit prinsipp er mellomrommet mellom to unntak.

### **Den språklege vendinga**

Det lokalavisene språkleg har til felles med riksavisene, er at de er like lite ajour som dei med den internasjonale språklege vendinga dei siste tiåra. Her ligg de like langt etter som dei politiske partia. Både i språkfaglege miljø og mange stader også i politiske miljø blir det tenkt annleis om språk i dag enn for 30, 60 og 90 år sidan. Verdien av og respekten for språklege skilnader er ein heilt annan no enn den gongen.

Språkpolitikk er blitt allment viktigare i mange land, og denne språkpolitikken går i ei anna lei enn før. Det er ikkje berre i Noreg at tida for ideen om Det eine språket er ute. Jamt færre makthavarar verda rundt satsar på den strategien. Etter epoken for diktatur i aust og vest har mange nye statar teke sine språkpolitiske val. I Spania var det forbode å bruke katalansk under Franco-regimet, men språket levde vidare som privatspråk og har på få tiår fått ein mykje sterkare posisjon enn det nokon gong har hatt. Bolivia innførte i 2009 ei grunnlov som gav offisiell status til 37 ulike språk i landet med ti millionar innbyggjarar. Sjølv i det også språkleg svært sentralistiske Frankrike har det rakna med skiftande og til dels motstridande vedtak om språkpolitikk dei siste tiåra.

Denne endringa har kome parallelt med auka kunnskap om all verdas språk. Tidleg på 1900-talet enda eit britisk overslag på 1500 språk, det franske akademiet gjekk ut frå om lag 2800 ulike språk, medan tyske forskarar strekte seg til 3000.<sup>9</sup>

Dei som gjorde noko med det, dei som ville finne ut av all verdas språk, var dei som ville spreie skrifta, Den heilage skrifta, Skrifta. Kring 1950 tok Summer Institute of Linguistics i Duncanville utanfor Dallas, Texas til å kartlegge kva språk Bibelen ikkje var omsett til. Informasjonen samla dei i publikasjonen *Ethnologue*. Den første, stensilerte utgåva i 1951 var på berre ti sider, men det som lite er, kan bli stort. Den 17. utgåva kjem i 2013 og er i fire band.

Den som går inn i biblioteket ved instituttet og går gjennom alle utgåvene, oppdagar eit avgjerande skilje i 1974. Frå då av var målet å dokumentere alle språk som er i bruk og som Bibelen dermed i prinsippet kan omsetjast til. Oppteljinga i 1974 resulterte i dokumentert kunnskap om 5700 språk. I 2013 er talet eit heilt anna.

---

<sup>9</sup> John Edwards: *Multilingualism. Understanding Linguistic Diversity*, London og New York 2012, s. 6.

## **Verda av språk blir større**

Måndag 25. februar 2013 kunngjorde språksenteret i Dallas at heile 7105 språk er i bruk ein eller fleire stader på jord. Det var uventa nytt. Språkforskarar har med god grunn framheva at mange språk er i vanskar eller kan kome til å gå ut av bruk. Den faren er der framleis, Ethnologue meiner altså at om lag 2400 språk er i vanskar eller på veg ut av bruk, men for første gong veit vi noko om kor sikre og robuste språk er, ikkje berre kor utsette somme er.

Instituttet bruker den same definisjonen av språk heile tida, men for kvar ny utgåve aukar talet på språk som er i bruk. 200 fleire språk er dokumenterte i dag enn for fire år sidan. Det språklege mangfaldet er altså større enn nokon har visst. Det vil seie at kvart fjerde språk vi veit om no, var ukjent i slik jamførande og systematisk dokumentasjon før Noreg blei ein oljenasjon i 1970-åra.

Dette gjer noko med forståinga til nokon kvar av språksituasjonen i verda: Først i seinare år kjenner vi det reelle språklege mangfaldet. Samstundes som vi fekk meir kunnskap om språk i verda, tok jamt fleire regime og grupper av språkbrukarar til å fremje bruk av fleire språk.<sup>10</sup>

I eit snevert kommunikasjonsperspektiv blir verda mindre og mindre. I eit breitt språkleg perspektiv blir verda av språk berre større og større.

## **To norske språk i Einprosentklubben**

Tal er ein ting, substans noko anna. Spørsmålet er kor robust eit språk er og kva status det har som bruksspråk. Tidlegare har språkforskarar utvikla typologiar som kan klargjere kor truga eit språk er. Ethnologue arbeider i tillegg med å definere kor trygge språk er. Det gjer dei ut frå fem kriterium – om eit språk er internasjonalt, nasjonalt, regionalt, om det blir brukt i næringslivet og om skuleverket gir opplæring i språket. Av dei 7105 språka meiner Ethnologue at berre 682 språk – ti prosent – oppfyller eitt eller fleire av desse kriteria.<sup>11</sup>

Berre kvart tiande språk utgjer altså solide skriftkulturar i dag. Til desse språka høyrer mellom andre internasjonale eller nasjonale språk. Ethnologue definerer seks språk som internasjonale. 94 språk blir rekna som nasjonale, dvs. at dei er «brukte i utdanning, arbeidsliv, massemedia og offentleg forvaltning på nasjonalt nivå». Ethnologue reknar norsk som eitt språk med to skriftvariantar. Norsk er for dei eitt nasjonalt språk som høyrer med blant desse 100 mest robuste språka i verda. Desse utgjer førstespråket til åtte av ti innbyggjarar på jord.

Jamt fleire i Noreg snakkar om bokmål og nynorsk som to norske språk, ikkje som to målformer. Dette endrar ikkje den språklege posisjonen i verdssamfunnet. Både bokmål og nynorsk oppfyller krava for å reknast som nasjonale språk.

Bokmål og nynorsk høyrer altså med i ein eksklusiv einprosentklubb av all verdas språk. Noreg blei medlem i denne klubben parallelt med og ikkje i strid med at styresmaktene tidlegare enn noko anna land i Europa gjorde Noreg til eit formelt fleirspråkleg samfunn. Medlemskapen i Einprosentklubben har dei to norske språka oppnådd parallelt med og ikkje i strid med at Noreg formelt blei eit fleirspråkleg samfunn.

Den nynorske skriftkulturen skapte Noreg og utvida Norge.

Fundamentet for å gjere bokmål og nynorsk til komplette, samfunnsberande språk er rett og slett mykje sterkare enn det allmenne språkpolitiske ordskiftet gir inntrykk av. Der

---

<sup>10</sup> I samtalar med redaksjonen i *Ethnologue* ved Summer Institute of Linguistics, Dallas, Texas, 2. og 3.11.2011, peika redaksjonen på at dei kategoriane dei bruker for å sortere mellom ulike språk, byggjer på behov identifiserte i Asia, Afrika og Sør-Amerika. Desse kategoriane stemmer ofte ganske dårleg med europeiske tilhøve. Ethnologue-redaksjonen såg ein tydeleg tendens til at europearar politiserer språkspørsmåla meir enn andre gjer, og nemnde Balkan som det mest aktuelle dømet.

<sup>11</sup> M. Paul Lewis ofl. (red.): *Ethnologue. Languages of the World*, 17. utgåva, Dallas 2013.

heiter det gjerne at norsk er eit lite og skrøpeleg språksamfunn. Tvert om, med eit internasjonalt blikk er norsk to svært robuste språk.

Storleik åleine seier ikkje alt. Spørsmålet er kva plass språka har i samfunnet og kor godt dei aktuelle skriftkulturane er organiserte. Då stiller norsk endå sterkare, så gjennomorganisert og strukturert det norske samfunnet er.

### **Det absolutt språkdelt samfunnet**

Jamstillingsvedtaket står i ei særstilling. Dette er truleg det einaste parlamentariske vedtaket frå 1800-talet i Noreg som ikkje er blitt endra seinare, og i Stortinget har ingen nokon gong føreslått å oppheve vedtaket.

Vi veit mykje om kva nordmenn meiner om bokmål og nynorsk, særleg nynorsk. Kva nordmenn meiner om at bokmål og nynorsk skal vere to jamstilte språk, har derimot vore ukjent.

I desember 2012 blei difor eit representativt utval på 1004 menneske stilt fleire spørsmål om språk. Oppdragsgivarar var Språkåret 2013 og Nynorsk kultursentrum.

Eitt spørsmål var om dei hadde høyrte om Ivar Aasen. Det hadde 96 prosent, dvs. alle. Nær seks av ti hadde dessutan eit positivt bilete av det Ivar Aasen stod for, og færre enn ein av ti hadde eit dårleg inntrykk av han. Med andre ord: skulen verkar.

Eit anna spørsmål var dette: «I 1885 vedtok Stortinget at nynorsk og bokmål skal være likestilte språk i Norge. Er du helt enig, delvis enig, verken enig eller uenig, delvis uenig eller helt uenig i at bokmål og nynorsk fremdeles skal være likestilte språk?»<sup>12</sup>

Det spørsmålet deler Noreg i to, og ni av ti meiner noko om saka. Når det kjem til språk, er ikkje nordmenn mykje i tvil.

46 prosent var heilt eller delvis samde i at nynorsk og bokmål framleis skal vere jamstilte, og 44 prosent var heilt eller delvis usamde. Graden av semje og usemje var den same. Dei som er mest positive, er dei som er over 60 år, dei som bur på Vestlandet eller i Trøndelag, og dei med høgast utdanning. Dei mest negative bur i aust og i nord. Kvinner er meir positive enn menn, og dei som tener mykje, er meir negative enn dei som tener lite. Dette mønsteret går att i mange meiningsmålingar frå det siste tiåret om ulike språkhaldningar.

Det er eit enkelt reknestykke at fleirtalet av bokmålsbrukarar er mot at bokmål og nynorsk skal vere jamstilte språk. Fleirtalet er knapt, men likevel tydeleg nok. Det vil seie at dei ønskjer eit Noreg med eitt språk. Det er eit like enkelt reknestykke at minst ein tredel av bokmålsbrukarane ønskjer eit tospråkleg samfunn. Brukarane av det mest brukte språket bokmål deler seg altså i to i spørsmålet om språkleg jamstilling – eit knapt fleirtal er mot språkleg jamstilling og vil ha eit norsk språk, eit stort mindretal er for og vil ha to. Mange tek det ansvaret det er å vere i fleirtal og gi mindretalet plass.

### **Lokalavisene er store tekstprodusentar**

Lokalavisene er ikkje små. Språkleg sett er dei større enn dei fleste tekstprodusentane i samfunnet. Dei nynorske lokalavisene er her endå viktigare enn bokmålsavisene.

I 2010 samla eg inn redaksjonelle nøkkeltal for alle dei 59 nynorskavisene.<sup>13</sup> Det året arbeidde godt over 700 personar i desse avisene, og halvparten av dei var redaksjonelle medarbeidarar. Når bilete og annonsar var trekte ifrå, viste eit nokså stødig reknestykke at nynorskavisene kvar veke gir lesarane minst 1150 avissider nynorsk tekst. Varsamt rekna svarar det til om lag 8600 boksider i romanformat. Gjennom eit heilt år publiserer desse

---

<sup>12</sup> Ipsos MMI, telefonundersøking 11.–14.12.2012 for Språkåret 2013 og Nynorsk kultursentrum. Feilprosenten i undersøkinga er på 2,5 %.

<sup>13</sup> Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, Oslo 2012, s. 332 f.

avisene dermed ei tekstmengd på nynorsk som ville fylle godt over 2100 bøker. På eitt år kjem det ut om lag 500 bøker på nynorsk.<sup>14</sup>

På eitt år produserer altså dei nynorske lokalavisene like mykje tekst som alle bokutgivarar produserer på fire. Utanfor offentleg forvaltning er dagsavisa Firda i dag den suverent største produsenten av nynorsk tekst. Når opplagstal blir rekna inn, blir avstanden mellom bok og avis endå mykje større.

Korleis dette forholdet er innanfor bokmål, er vanskeleg å seie, men det enkle reknestykket seier sitt om kor viktige lokalavisene er som tekstprodusentar.

### **Avisene lever i språket**

*De morsomste Blade ere de, som indeholde Blandinger og Smaating*, meinte Ivar Aasen.<sup>15</sup> Han kunne berre ikkje forstå at skjemteblad ikkje greidde å halde det gåande. Han var ein drivande od forteljar og søkte etter dei gode forteljingane, blanda med stort og smått. Den oppskrifta minner mistenkjeleg om den blandinga som pregar mange lokalaviser den dag i dag.

Norsk språkpolitikk er fundert på lokale avgjerder. Like sidan 1892 har lokale skulestyre og sokneråd, og frå 1930 kommunestyre, bestemt kva språk som skal brukast lokalt. Dette gjer at språk og demokrati er knytt særleg tett saman i Noreg. Utover på 1900-talet blei det gjennomført fleire tusen lokale folkerøystingar om språk.

Denne lokaldemokratiske forankringa av norsk språkpolitikk har sett sitt preg på lokalavisene. Det varierer nok korleis lokalavisene har handtert denne debatten, men lesarbrevspaltene har vore ein integrert del av desse avgjerdsprosessane. Så viktige er lokalavisene i norsk språkpolitikk.

Den språklege styrken ligg i den språklege skilnaden. Poeten Ingrid Storholmen har gitt ut bøker på både bokmål og nynorsk. Ho også veit altså kva ho snakkar om når ho seier: «Ein skriv heilt andre setningar med nynorsk enn ein gjer med bokmål.»<sup>16</sup> Det mediemangfaldet som både styresmakter og pressa sjølv ønskjer, heng altså saman med den språkdelte norske kulturen. «Eit språk er noko ein lever i,» seier forfattaren Elisabeth Aasen.<sup>17</sup> Det er der lokalavisene kvar dag, i språket, i dei to norske språka.

---

<sup>14</sup> Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, e-bok aasentunet.no, tabell 15.1.

<sup>15</sup> Ivar Aasen i brev til Ludvig L. Daae 2.4.1857.

<sup>16</sup> Ingrid Storholmen til *LNK-avisa* nr. 2 2008.

<sup>17</sup> Elisabeth Aasen i takketale for Språkprisen i Oslo 10. november 2010.